



HORNINDAL KOMMUNE

**Tematisk kommunedelplan
for
KULTURLANDSKAP, UTMARK OG MILJØ**



- Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) -

2016 - 2019

1. Forord

Strategiplanen omhandlar bruk av miljøverkemidlar innanfor jordbruket i Hornindal kommune – spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar).

Kommunen skal prioritere tiltak som er best eigna for kommunen innanfor dei rammer som kjem fram i forskrifta.

Tiltaksstrategiar for kulturlandskap, utmark og miljø er ein kommunedelplan som legg føring for prioritering av tildeling av smil – midlar. Planarbeidet er gjennomført i samsvar med krav til kommunedelplan i plan og bygningslova.

Annonsering revisjon av tiltaksstrategi er annonsert i «Fjordingen» 27. august 2012, med frist for å kome med innspel 25. september 2012. At tiltaksstrategien ikkje blir sett i gang før i 2015 skuldast m.a. utarbeiding av kommunal kulturminneplan, ein plan som vil ha stor betydning for val av satsingsområder i kommunen. Ferdig plan låg til offentleg ettersyn frå 4.mai til 26. juni 2015.

2. Bakgrunn

I samsvar med "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket" § 8 skal "kommunen fastsette overordnede retningslinjer for hvordan søknader skal prioriteres". Kommunen skal utarbeide en kortfattet fleirårig tiltaksstrategi med retningslinjer og forslag til prioriteringar. Retningslinjene er i samsvar med Regional bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013 – 2016 og kommunal kulturminneplan (2015).

Formålet med smil-midlane er å ta vare på natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet til jordbruket, samt å redusere avrenning og ureininga frå jordbruket, ut over det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift. Eit viktig siktemål med ordninga er å få til ein meir målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetjingar.

«Tiltaksstrategiar for kulturlandskap, utmark og miljø» er ein kommunedelplan som legg føring for prioritering av tildeling av smil - midlar. Hornindal kommune har dei siste to åra hatt ein årleg tildeling på om lag kr 150 000 i smil - midlar frå fylket. Det har årleg vore om lag 10 søknader om tilskot.



Lovverk

Smil – midlane i Hornindal kommune skal forvaltast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande nasjonale forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448?q=spesielle+milj%C3%B8tiltak+i+landbruket>

3. Retningslinjer for Hornindal kommune

3.1 Krav til søkjar

1. Tilskotsordninga gjeld for føretak som fyller vilkåra i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 4.
2. Søker må oppfylle vilkår i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging og forskrift 26. juli 2004 nr. 1138 om plantevernmidler § 18 femte ledd.
3. Søkjar skal vere registrert i Einingsregisteret i Brønnøysund
4. Søkjar skal drive vanleg jordbruksproduksjon, jf. *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*.
5. Miljøkrav: gjødselplan og sprøytejournal, kart over arealet brukaren disponerer (vedleggast)

3.2 Krav til søknaden

Utfylt søknadsskjema, SLF-430 "Søknad om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket" skal sendast til Hornindal kommune. Skjema får ein ved Hornindal kommune, heimesida til kommunen eller www.slf.no (under skjema)

Fullstendig søknad med nødvendige vedlegg må leggest fram før søknad kan bli handsama:

1. Oversiktskart over jordbrukseigedomen og tiltaket. (M 1:5000)
2. Detaljkart (plankart, M 1: 1000) som viser tiltaket sitt omfang og eventuelle viktige element i tiltaket
3. Bilde / teikningar
4. Kart over jordbruksareala føretaket disponerer, samt andre areal som føretaket disponerer eller som blir påverka av tiltaket.
5. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfald, areal med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning skal være kartfestet og beskrevet.
6. Skriftlig godkjenning / avtale frå grunneigar (for tiltak på leid jord)
7. Skriftlig godkjenning frå alle søkjarane i eit fellestiltak om at organisasjonsnummer til ein av søkjarane kan nyttast.

3.3 Generelle reglar

1. **Søknadsfrist 1. mai** . Opplysningar om ordninga og søknadsfrist blir informert om på Hornindal kommune sine heimesider www.hornindal.kommune.no og med annonse i lokalavisa.
2. For alle tiltak gjeld at søknaden må være **godkjent før** tiltaket vert sett i gang.
3. Alle tilskot skal løyvast på grunnlag av godkjend kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid.
4. For tilskot til planleggings og tilretteleggingsprosjekter kan det løyvast eit eingongstilskot med inntil 100 % av kostnadsoverslaget.
5. For tilskot til kulturlandskapstiltak og ureiningstiltak kan det løyvast tilskot til gjennomføring av tiltak som tek vare på natur – og kulturminneverdiane i kulturlandskapet. Det kan også

løyvast tilskot til gjennomføring av tiltak som bidrar til å hindre eller redusere ureining eller risikoen for ureining frå jordbruket. Det kan løyvast eingongstilskot med inntil 70 % av godkjend kostnadsoverslag. For særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfald kan det løyvast tilskot med inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag.

6. Ved søknad på tilskot frå SMIL-midlar til restaurering av gamle bygg, kulturminne og kulturmiljø skal materialval m.m. vere i tråd med det som opphavleg har vore nytta på bygget. I rundskriv nr 07/2005.

Forvaltning av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket, §5 står det at ein skal *”bevare mest mulig av kulturminnets opprinnelige elementer eller kulturmiljøets egenart og helhet, foreta så få forandringer som mulig, reparasjoner fremfor hel utskifting og bruke tradisjonelle, stedeagne materialer, håndverksteknikker og farger.”*

Det kan løyvast tilskot inntil 35 % av kostnadsoverslaget.

7. Ved restaurering av bygninger skal det leggest ved:

- a. Kostnadsoverslag fra bygningskyndig
 - b. Bilder
 - c. Beskrivelse av bygningen og bygningskade
 - d. Noverande og framtidig bruk
 - e. Eventuell omtale om verneverdi
8. Ved eget arbeid skal det leveres spesifiserte timelister.
 9. Utbetaling, opp til 75 % av tilskotet kan utbetalast når arbeidet er satt i gang. For å få delutbetaling må tiltaket være igangsatt.
 10. Utbetaling av arbeid gjøres ut i fra veiledende priser/ dekar og timesatser.
 11. Kommunen kan setje vilkår for løyving av tilskot til det enkelte prosjekt og tiltak.
 12. Frist for gjennomføring av prosjekt og tiltak er 3 år frå løyvingsdato, med mindre kommunen har sett ein kortare frist ved løyvinga av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje ut over 5 år frå løyvingsdato.
 13. Areal det blir betalt produksjonstilskot for, eller får tilskot gjennom fylkesmannen sin Regionalt Miljøprogram (RMP), har ikkje rett på tilskot gjennom SMIL- ordninga.
 14. Løyving av smil-midlar er av økonomisk art. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente løyver der dette er naudsynt.



4. Mål og prioriterte satsingsområder i perioden 2015-2019 er:

Hornindal har eit rikt kulturlandskap med mange verdier. Vi kan såleis sjå føre oss mange ulike tiltak som det kan vere verd å støtte med SMIL-midlar. Prioriteringane er gjort i samsvar med gjeldande kulturminneplan for Hornindal kommune. Vi vil prioritere prosessar som fører til gode og konkrete kulturlandskaps- og ureiningstiltak.

4.1 MÅL: Redusert avrenning frå gjødsel og rundballager

4.1.1 Særlege bygningsmessige miljøtiltak i eller i tilknytning til eksisterande driftsbygning eller driftsopplegg

Med særlege tiltak meinast tiltak ut over det ein kan forvente av vanleg jordbruksdrift. Aktuelle tiltak kan t.d. vere tiltak for å redusere luktplager i sentrumsnære områder.

Tilskot kan vere eingongsutbetaling med inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.



4.1.2 Tiltak mot avrenning frå rundballager

I samband med EU sitt vassdirektiv om tilstanden til vassdraga våre, blir det sett fokus på mellom anna ulike typar ureining av vassdraga, og tiltak for å forbetre vasskvaliteten er føreslått.

Rundballar bør helst lagrast på mark der avrenninga kan infiltrerast i grunnen, og der avrenninga kan kontrollerast gjennom dreneringa. Terrenget bør vere mest mogleg flatt, og rundballane bør lagrast i god avstand frå vassdrag, brønn eller anna vassforsyningssystem. Særskilt lagerplass med tett dekke og oppsamling av pressaft kan vere nødvendig dersom lagring direkte på bakken fører til ureining. Rundballar må ikkje lagrast på flaumutsette areal.

Tilskotet kan utgjere inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

4.1.3 Tiltak mot avrenning frå gjødsellager

Dette gjeld for mindre tiltak for eksisterande gjødsellager. Eksempel på tiltak kan vere tetting av gjødsellager, reparasjon av luker og porter, etablering av fangdammer og opne kanaler.

Tilskotet kan utgjere inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

4.2 Mål: Ta vare på bygningar og anlegg i landbrukshistorisk verdi

4.2.1 Kulturminne innan landbruket

Tiltak som er prioritert i kulturminneplanen, og som fell innanfor SMIL-ordninga skal prioriterast i denne perioden.

Enkeltprosjekt og tiltak retta mot kulturminner jordbrukslandskapet som:

- bygningar på gardstun og i inn- og utmark, frå våningshus og driftsbygningar til utløe og kvernhus
- buplassar, hustufter og ruiner
- gravhaugar og røyser
- rydningsrøyser, veiter/vanningsanlegg, bakkemurer, terrasserings, tre- og steingjerder, elveforbygninger
- gamle veifar, stier, veimerker, klopper, vad, tre- og steinbruer og krøtervegar
- jakt-, fiske- og fangstinnretninger
- kulturmiljø som gardstun, seteranlegg og naustmiljø

Tiltak som kan løyse ut midlar frå andre tilskotsordningar vil bli prioritert. Dette gjeld tiltak som utløyser årlege løyvingar frå fylkesmannen sin RMP-ordning og/eller tiltak med bygnings- og kulturminnevern som kan kvalifiserer for støtte frå Norsk Kulturminnefond eller andre offentlege institusjonar.

Tilskotet for slike anlegg / tiltak kan vere inntil 65 % av godkjent kostnadsoverslag.



4.2.2 Tiltak for bygningar i utmark

Utmarka har historisk hatt stor verdi for gardsbruka i Hornindal. I dag er utmarka mindre viktig og den tradisjonelle utmarksbruken er stort sett forsvunnen. Spora etter denne aktiviteten er i ferd med å forsvinne. I kulturminneplanen er det sett fokus på desse elementa (bygningar, kulturmarkar og tekniske installasjonar) som kan fortelje om bruken av utmarka i tidlegare tider. Tiltak der bygningar og kulturmark vert sett i samanheng vil verte prioritert. Tilskotet kan utgjere inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.



4.2.3 Tiltak for gjerdehald

Det kan gjevast tilskot til permanent gjerde når det gjeld tiltak for å rydde eit område eller styre beitinga mot eit biologisk verdifullt område, der skjøtsel med ammegeit og kje står for skjøtsel av området (Jf. Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane) Unntaksvis, dersom særlege grunnar tilseier det, kan einskildpersonar søkje og få innvilga tilskot til gjerdehald. Tilskotet kan utgjere inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

4.2.4 Setermiljø

Hornindal har mange verdfulle setermiljø, noko som m.a. er dokumentert i Setredalsanalysen (1998). Tiltak knytt til vedlikehald og renovering av bygningar og setervollar kan forsvarast gjennom kulturminneplanen og Seterdalsanalysen. Tilskotet til bygningar er på inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag. Tilskot til rydding av beitevollar på inntil 350 kr/dekar.



4.2.5 Andre tiltak

Spesielle tiltak som t.d. er prioritert i kulturminneplan, næringsutvikling, høg verdi for friluftsliv og i undervisningssamanheng eller dokumentasjon av høg verneverdi. Omfattande/ressurskrevjande kartlegging og dokumentasjon av kulturlandskaps- og miljøverdiar på gardsbruk kan også få tilskot.

Arkitektonisk eller kulturhistorisk verdifull bygning som ikke er fredet, men som likevel bør bevaras etter antikvariske metoder og prinsipper.

Tilskotet kan utgjere inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag.

4.3 Mål: Ta vare på kulturmark i utmarka m.m.

4.3.1 Rydding av innmarksbeite til husdyr

Beite har vore, og er framleis, viktige for husdyrhaldet på mange gardar. Bruken av dei har likevel endra seg på ein slik måte at beitepresset mange stader, har vorte for svakt til å halde vekke kratt og småskog. Attgroinga av beiter svekker også landskapet sin estetiske verdi gjennom redusert variasjon. I tillegg vert artsmangfaldet (det biologisk mangfaldet) ofte redusert når beitelandskap gror att.



Det kan løyvast tilskot til rydding av innmarksbeite som har vesentleg verdi for husdyrhaldet på gardsbruket med inntil 350 kr/dekar. Det vert ikkje gjeve nytt tilskot til rydding av beite før det er gått minimum 15 år sidan sist rydding.

4.3.2 Skjøtsel av gamal kulturmark og ivaretaking av biologisk mangfald

Gamle slåtteenger kan vise til eit stort mangfald av plantar og urteplantar. Der slike enger framleis vert haldne i hevd skjer dette ofte gjennom tradisjonelle haustingsmetodar slik som ljåslått og hesjing.

Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane (RMP) kan gje årleg støtte til skjøtsel av biologisk viktig areal, som til dømes gamle slåtteenger og ivaretaking av gamle kulturmarker med spesielle eller sjeldne artar. Vilkår for denne støtten er at arealet blir registrert som slåttemark, lauveng, kalkrik eng, slåtte- og beitemyr eller fukteng med verdi A, B eller C i Naturbase.

Istandsetting og reparasjon av tekniske anlegg (for eksempel steingardar, steinsette grøver og steinmurar) som er knytt til kulturmark kan også få tilskot. Tilskotet for slike anlegg vil vere inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag. Tiltaket skal vere prosjektretta.